


BASSENG

Send søknad til:

**Kva type basseng er unnateke søknadsplikt og kva må du søkje om?**

Basseng kan vere eit tiltak etter § 20-1 a eller j i plan- og bygningsloven (pbl), avhengig av storleiken og plasseringa av bassenget, og kor lengje det skal stå. Når du skal byggje eit basseng er det tre ulike søknadskategoriar som er aktuelle. Avhengig av utforminga og plasseringa av bassenget og kor lengje det skal stå, kan det vere at du:

1. Kan installere det utan å søkje (altså ikkje søknadspliktig).
2. Må søkje, men kan som tiltakshavar (tiltakshavar = du som eig bassenget) sjølv vere ansvarleg for søknaden og arbeida.
3. Må søkje og søknaden må bli send inn av føretak som tek på seg ansvaret som ansvarleg søkjar. Prosjektering og utføring må bli utført av føretak som tek på seg ansvaret som høvesvis ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande. Eventuell kontroll må bli utført av føretak som tek på seg ansvar for kontroll. Alle føretak som tek på seg ansvar må tilfredsstillere krav til kvalitetssikring jf. SAK10 kapittel 10 og krav til utdanning og praksis jf. SAK10 kapittel 11. Kommunen kan, jf. § 23-1 i pbl, frita for krav om ansvarsrett der ansvarsrett blir vurdert som ikkje naudsynt. Det vil seie der risikoen er liten og konsekvensane når det gjeld helse, miljø og tryggleik er små. Sjå pkt. 2 i like tilfelle.

Her er tre tabellar med meir informasjon om dei ulike kategoriane:

1. Ikkje søknadspliktig basseng etter § 20-5 i plan- og bygningsloven (pbl) :	
Kva tiltak gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<p>Privat badestamp, jacuzzi eller boblebad som ikkje er kopla til vass- eller avløpsanlegg kjem ikkje inn under føresegnene i bygningsloven.</p> <p>Andre basseng som skal stå i berre svært kort tid, maks. 2 månader, er unnateke søknadsplikta, jf. § 20-5 tredje ledd i pbl. Bassenget må ikkje bli plassert slik at det hindrar ålmenn ferdsle eller friluftsliv, eller på annan måte fører til vesentleg ulempe for omgjevnadene, jf. § 30-5 i pbl. Det må heller ikkje bli gjort inngrep i terrenget, slik at det blir varige synlege spor etter bassenget.</p> <p>Andre mindre basseng som kommunen finn grunn til å frita frå søknadsplikta, jf. § 20-5 g) i pbl. Kva for andre basseng du ikkje treng å søkje om må du altså avklare med kommunen. Nokre kommunar har egne retningslinjer for dette. Retningslinjene kan variere frå kommune til kommune.</p>	<p>Du er sjølv ansvarleg for at tiltaket (tiltaket = bassenget) følgjer føresegnene i plan- og bygningsloven med tilhøyrande forskrifter, arealplanar som kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, og andre løyve. Dersom bassenget ditt berre skal stå mellombels gjeld arealplanføresegnene berre dersom dei tydeleg seier noko om basseng eller mellombelse tiltak. For andre basseng som etter kommunen sitt skjønn kan bli fritakne frå søknadsplikta jf. § 20-5 g) i pbl gjeld planføresegnene fullt ut. Ver merksam på at det kan stå i planføresegnene at det er forbode å plassere basseng i einskilde område.</p> <p>Dersom bassenget ditt berre skal stå mellombels, må du passe på at du plasserer det slik at det ikkje hindrar ålmenn ferdsle eller friluftsliv, eller på annan måte fører til vesentleg ulempe for omgjevnadene.</p> <p>Andre basseng som kommunen finn å kunne frita for søknadsplikt jf. § 20-5 g) i pbl, skal ifølgje § 29-4 i pbl bli plasserte minst 4 meter frå nabogrensa. Nokre gonger vil kommunen kunne tillate at bassenget blir plassert nærare, men dette må altså bli avklart med kommunen.</p> <p>Tiltaket må heller ikkje kome i strid med anna regelverk. Du er sjølv ansvarleg for å gjere eventuelle naudsynte avklaringar med andre styresmakter som er nemnt i <u>SAK10 § 6-2</u>.</p> <p>Du er ansvarleg jf. § 28-6 første ledd i pbl og <u>TEK17 § 8-3 fjerde ledd</u> for å sikre bassenget slik at ingen kan falle ut i det.</p> <p>Vi tilrår at du informerer naboane dine før du byggjer/monterer bassenget.</p>

BASSENG**Digital søknad**

Når du skal søkje om løyve, tilrår vi at du sender elektronisk søknad gjennom ein av fleire søknadsportalar. Ved å bruke slike verkty får du samtidig ein betre kvalitetskontroll av søknaden. Mange kommunar har redusert gebyr for søknader sende inn via internett. Sjå dibk.no for oversyn over ulike søknadsportalar.

2. Søknadspliktig basseng som du som tiltakshavar (tiltakshavar = du som eig bassenget) kan vere ansvarleg for sjølv etter § 20-4 i plan- og bygningsloven:	
Kva tiltak gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<p>Basseng som berre skal vere mellombels, og stå i meir enn 2 månader, men maksimalt 2 år, jf. § 20-4 c) i pbl. Bassenget må ikkje bli plassert slik at det hindrar ålmenn ferdsle eller friluftsliv, eller på annan måte fører til vesentleg ulempe for omgjevnadene, jf pbl § 30-5. Du må heller ikkje gjere inngrep i terrenget slik at det blir varige synlege spor etter bassenget.</p> <p>Andre basseng som etter kommunen sitt skjøn kjem inn under føresegna i § 20-4 e) i pbl «andre mindre tiltak som etter kommunens skjønn kan forestås av tiltakshavar». Kva basseng du kan søkje om sjølv som tiltakshavar må du altså avklare med kommunen. Nokre kommunar har eigne retningsliner for dette. Ofte kan du som tiltakshavar søkje sjølv om mindre prefabrikerte basseng som blir monterte i tråd med monteringsrettleiing og ikkje krev prosjektering ut over plasseringa.</p>	<p>Søknaden kan bli send inn av deg sjølv som tiltakshavar. Du er ansvarleg for at bassenget følgjer føresegnene i <u>plan- og bygningsloven</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar som kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, og andre løyve. Dersom bassenget ditt berre skal stå mellombels gjeld arealplanføresegnene berre dersom dei tydeleg seier noko om basseng eller mellombelse tiltak. For andre basseng som etter kommunen sitt skjøn kjem inn under § 20-4 e) i pbl gjeld planføresegnene fullt ut.</p> <p>Føresett at bassenget er frittliggjande og mindre enn 50 m² i areal, kan du jf. § 29-4 i pbl få løyve til å plassere bassenget nærare nabogrense enn 4 meter, dersom du anten har fått skriftleg samtykke frå nabo, eller at kommunen etter ei fagleg vurdering godkjenner plassering nærare.</p> <p>Du er også ansvarleg jf. § 28-6 første ledd i pbl og TEK17 § 8-3 fjerde ledd for å sikre bassenget slik at ingen kan falle ut i det.</p> <p>Kommunen kan føre tilsyn og be om at du mellom anna dokumenterer korleis krava i byggteknisk forskrift (TEK17) er følgde.</p>
Send inn søknaden i eitt eksemplar. Ifølgje SAK10 § 5-4 skal den innehalde:	
Søknadsblankett nr. 5153, eller eit enklare skjema for privatpersonar . Du finn meir info og alle skjema for privatpersonar her .	
Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gjeve i nabovarsel. Du skal varsle naboar og gjenbuarar, med mindre det er klart at bassenget ikkje påverkar interessene til naboen i vesentleg grad. Dersom du søker om dispensasjon, skal du varsle særskilt om dette. Ikkje send søknaden til kommunen før fristen for nabomerknader har gått ut. Du skal bruke blankett nr. 5155 og i tillegg 5156 eller ein av dei enklare blankettane som ligg under <i>Kvittering for nabovarsel for mindre byggjeprojekt</i> litt lenger ned på same side.	
Eventuelle merknader frå naboar med orientering om korleis desse eventuelt er tekne omsyn til.	
Situasjonsplan. Kartet må vere av ny dato, og du tingar det hos kommunen. Vis på rett stad kor du skal plassere bassenget (og eventuelle tilhøyrande konstruksjonar) og oppgje avstandsmål. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Situasjonsplan – kva krevst?</i> »	
Teikningar som viser utforminga av bassenget. Snitt-teikninga skal vise fundamentering, høgde over terrenget og eksisterande og framtidige terrengliner. Planteikninga skal i tillegg til sjølve bassenget vise eventuelle tilhøyrande konstruksjonar som plattning, maskinrom, gjerde o.l. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Teikningar – kva krevst?</i> »	
Eventuell søknad om dispensasjon. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre føresegner, krevst det begrunna søknad etter § 19-1 i plan- og bygningsloven. Du finn meir informasjon i informasjonsarket « <i>Dispensasjon</i> ».	

Dei 4-sifra nummera i tabellen viser til blankettnummeret for byggjesaksblanketten som du finn på [Direktoratet for Byggkvalitet](#) sine sider.

BASSENG

3. Søknadspiktig basseng med krav om ansvarlege føretak etter § 20-3 i plan- og bygningsloven:

Kva tiltak gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
Alle basseng jf. <u>§ 20-1 i pbl</u> som ikkje er nemnde i tabell 1 eller 2.	Søknaden må bli send inn av føretak som tek på seg ansvar som <u>ansvarleg søkjar</u> . Prosjektering og utføring må bli utført av føretak som tek på seg ansvar som høvesvis <u>ansvarleg prosjekterande</u> og <u>ansvarleg utførande</u> . Du er sjølv ansvarleg jf <u>§ 28-6 første ledd i pbl</u> og <u>TEK17 § 8-3 fjerde ledd</u> for å sikre bassenget slik at ingen kan falle ut i det.
Send inn søknaden i eitt eksemplar. Ifølgje <u>SAK10 § 5-4</u> skal han innehalde:	
Søknadsblankett , inkludert erklæring om ansvarsrett for søkjar nr. 5174 og 5175	
Kvittering for nabovarsel og Opplysninger gjeve i nabovarsel. Du skal varsle naboar og gjenbuvar, nr. 5155 og 5156 med mindre det er klart at bassenget ikkje påverkar interessene til naboen i vesentleg grad. Dersom du søkjer om dispensasjon, skal du varsle særskilt om dette. Ikkje send søknaden til kommunen før fristen for nabomerknader har gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Nabovarsel – innhald og varslingsmåtar».	
Eventuelle merknader frå naboar med orientering om korleis desse eventuelt er tekne omsyn til.	
Situasjonsplan. Kartet må vere av ny dato, og du tingar det hos kommunen. Vis på rett stad kor du skal plassere bassenget (og eventuelle tilhøyrande konstruksjonar) og oppgje avstandsmål. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Situasjonsplan – kva krevst?»	
Teikningar som viser utforminga av bassenget. Snitt-teikninga skal vise fundamentering, høgde over terreng og eksisterande og framtidige terrenglinjer. Planteikninga skal i tillegg til sjølve bassenget vise eventuelle tilhøyrande konstruksjonar som plating, maskinrom, gjerde o.l. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Teikningar – kva krevst?»	
Erklæring om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og eventuelt kontrollerande. nr. 5181 Kommunen kan fritta for krav om ansvarsrett der risikoen er liten, det vil seie der konsekvensane som gjeld helse, miljø og tryggleik er små.	
Eventuelt søknad om dispensasjon. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre føresegner, krevst det begrunna søknad etter <u>§ 19-1 i plan- og bygningsloven</u> . Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Dispensasjon».	

Dei 4-sifra nummera til høgre i tabellen viser til blankettnummeret for byggesaksblanketten som du finn på [Direktoratet for Byggkvalitet](#) sine sider.

Krav til sikring

Bassenget skal alltid vere sikra slik at ingen kan falle i det. Grunneigar er ansvarleg for dette. Er grunnen bortleigd for meir enn to år, er det den som leiger eller festar grunnen som er ansvarleg. Blir bassenget brukt av andre enn grunneigar, leigetakar eller festar er det brukaren som er ansvarleg. Dette følgjer av § 28-6 i pbl.

Bassenget skal vere sikra med gjerde, overdekking eller tilsvarande avstenging for å hindre at personar fell i det, jf. TEK17 § 8-3 fjerde ledd. God sikring kan til dømes bli oppnådd ved:

- Gjerde rundt bassenget som går heilt ned til bakken, er minst 1,5 meter høgt, har eit solid fundament og er utforma slik at det ikkje er mogleg for barn å krype under, gjennom eller klatre over det.
- Port/grind i gjerde blir utstyrt med solid lås eller anna lukkeordning.
- Overdekking/overbygging som blir bygd av solide material, festa til eit solid fundament, og sikra med lås eller liknande for å unngå at overdekkinga blir fjerna av barn eller uvedkommande.

Overdekking, overbygging, lokk, lås og gjerde med port eller grind må bli halde i forsvarleg stand, jf. § 28-6 første ledd i pbl.

For basseng av typen hagedam og andre mindre damanlegg vil gjerde/overdekking/overbygging normalt ikkje vere naudsynt dersom det er gjort andre tiltak for å hindre drukningsulykker der djupna er meir enn 0,2 meter.

Anna

Dersom bassenget skal bli kopla til offentleg leidningsnett for vatn og avløp må du avklare dette med kommunen som leiðingseigar. Vass- og avløpsleiðningane til/frå bassenget er søknadspiktig tiltak jf. §§ 20-1 og 20-2 i pbl. Du må engasjere fagleg kvalifisert føretak, jf. § 20-3 og kap. 23 i pbl til å sende inn søknaden og gjere jobben.

Dersom bassenget ikkje skal bli kopla til avløpsanlegg er vatn frå bassenget rekna som overvatn og må bli handtert på eigen grunn jf. TEK17 § 15-8. Ver også merksam på at det jf. forurensningsloven ikkje er lov å leie ut forureina vatn utan at det går til godkjent avløpsanlegg.

I dei tilfella der bassenget har eige renseanlegg i maskinrom må dette bli bygd og plassert slik at drifta ikkje er til ulempe for naboar. Grunngeving for plassering av maskinrommet skal følgje søknaden.

BASSENG

Bassenget kan påverke [bebygd areal \(BYA\)](#) på eigedomen, og dermed også utnyttingsgraden. Bygger bassenget meir enn 0,5 meter over [gjennomsnittsnivået på ferdig planert terreng](#) rundt bassenget skal det reknast med i BYA.

Så lengje bassenget ikkje er overbygd blir det rekna som del av uteoppfallsarealet.

Når kan du starte arbeidet?

Om bassenget ikkje er søknadspliktig, kan du starte arbeidet med ein gong du har avklara at vilkåra for unnatak frå søknadsplikt er oppfylt.

Om bassenget er søknadspliktig kan du starte arbeida tre veker etter at kommunen har fått søknaden, dersom følgjande vilkår er oppfylte etter [§ 21-7 i plan- og bygningsloven](#):

- Søknaden er komplett, det vil seie at han inneheld all naudsynt informasjon
- Bassenget er i samsvar med føresegner gjevne i eller i medhald av [pbl](#) (er i samsvar med arealplan eller dispensasjon er henta inn på førehand).
- Det er ikkje naudsynt med ytterlegare løyve, samtykke eller at andre styresmakter uttalar seg, etter [SAK10 § 6-2](#).
- At nabomerknader ikkje ligg føre. ^{*)}
- Kommunen har ikkje gjeve deg beskjed om forlenga sakshandsamingsfrist etter [SAK10 § 7-3](#).

^{)} Dette vilkåret gjeld ikkje om tiltaket er slik at du som tiltakshavar kan søkje sjølv utan å bruke ansvarlege føretak. Sjå tabell 2 og [§ 21-7 tredje ledd i pbl](#).*

Dersom desse vilkåra ikkje er oppfylte, må du vente med å starte arbeidet til du har fått skriftleg løyve frå kommunen. Kommunen har då frist på 12 veker til å gje deg svar. Sjå [§ 21-7 i pbl](#).

Når du har søkt om bassenget og fått løyve, skal du søkje om [ferdigattest](#) når arbeidet er utført.